

Kontrollutvalet

SEKOM-sekretariat

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
20/19	Styret for SEKOM-sekretariat	12.09.2019

Arkiv	Sakshandsamar	
FE-151	Arnar Helgheim	

Budsjett 2020

Vedlegg i saka:

03.09.2019 Budsjett 2020 (framlegg)

Tilråding frå dagleg leiar:

Framlegg til budsjett 2020 for SEKOM-sekretariat vert vedteke.

12.09.2019 Styret for SEKOM-sekretariat

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

STY-20/19 Vedtak:

Framlegg til budsjett 2020 for SEKOM-sekretariat vert vedteke.

Saksutgreiing:

Etter vedtektene har styret i oppgåve å vedta budsjett. Dette skal sendast eigarkommunane innan 1. november.

Omdanningsperiode

SEKOM er i ein spesiell situasjon ved at både kommunesamanslåingar og ny kommunelov påverkar selskapet. Styret vedtok framlegg til ny samarbeidsavtale i møte den 18. juni. Denne er sendt til deltakarkommunane for handsaming i kommunestyret.

Det ligg no an til reduksjon frå 15 til 9 kommunar der Sunnfjord kommune vert den klart største deltakarkommunen. Dette gir utfordring med å finne ein driftsmodell som gir minst like gode tenester utan auke i tilskota frå kvar enkelt kommune.

Avklaringsarbeidet er i gang

Sidan vi er midt i avklaringsarbeidet, har vi ikkje eit endeleg svar på den framtidige drift. I det vedlagde budsjettet har vi klart å redusere den samla overføringa frå kommunane med ca kr

600.000. Sidan det er færre å dele kostnaden på, ligg det an til ein auke for dei fleste på mellom kr 10.000 og kr 35.000. Arbeidet med å finne den beste organiseringa held fram ut over hausten.

I det framlagde budsjettet legg vi opp til sal av tenester til andre (kan vere kommunar eller anna) tilsvarande 40% stilling. Vi er mellom anna i dialog med Sunnfjord kommune om dette, utan at noko pr i dag er avklara. Sjå elles sak om forretningsplan.

Kommentarar til budsjettframlegget

a. **Fast løn**

Vi budsjetterer med 2 heile stillingar på utgiftssida og kr 350.000 i refusjon frå andre (17700).

b. **Leige av lokale**

I samband med kommunesamanslåinga, har vi ei munnleg avtale med prosjektorganisasjonen for Sunnfjord kommune om at vi kan avsjå vårt noverande lager mot å få plass i felleslager. Dette betyr i så fall redusert leigeareal og redusert kostnad.

c. **Avsetnader til disposisjonsfond**

d. **Refusjon frå kommunar**

Auka til kr 450.000 i samband med krav til kommunane som går ut om å dekke sin del av påløpte pensjonsforpliktingar. Flora kommune har vore med frå starten, medan Eid og Hornindal kom inn som deltakarar i 2010. Førebels berekning av deira kostnadsdel for pensjon:

Kommune	Før 2010	2010-2019	Avrunda sum
Eid	-	88 838	89 000
Flora	233 304	139 692	373 000
Hornindal	-	39 764	40 000
Sum for desse kommunane			502 000

Differanse mellom innbetaling på kr 502.000 og avsetjing på kr 450.000 går til dekning av pensjonsutgifter i 2020.

e. **Refusjon frå andre**

Sjå kommentar til fast løn.

f. **Overføring frå kommunar**

Som det går fram, har vi så langt greidd å redusere samla overføring frå eigarane med ca kr 600.000. Med færre kommunar, vert det likevel ein auke som er noko høgare enn løns- og prisvekst for dei fleste kommunane.

Her er berekna fordeling samanlikna med kva desse kommunane betalar i 2019. For Sunnfjord kommune er samanlikninga lik summen av det dei 4 kommunane betalar.

Kommune	B2019	B2020
Askvoll	149 000	167 000
Bremanger	160 000	181 000
Fjaler	140 000	162 000
Sunnfjord	690 000	675 000
Gloppen	205 000	232 000
Gulen	127 000	152 000
Hyllestad	111 000	127 000
Solund	91 000	105 000
Stryn	224 000	259 000
Sum (sjå konto 18500)	1 897	2 060
	000	000

Budsjett 2020

Vedteke av styret i sak 20/19 den 12.9.19

Konto	Konto(T)	B2019	B2020	
10100	Fast løn	1 418 000	1 466 000	a
10500	Anna løn og trekkpliktig godtgjersle	1 000	1 000	
10504	Telefongodtgjørelse (sjå også 11309)	10 000	10 000	
10509	Trekkpliktig km-godtgjersle	4 000	4 000	
10800	Godtgjersle folkevalde	65 000	35 000	
10801	Godtgjersle leiarar råd/utval/styre	22 000	23 000	
10903	Pensjonsinnskot - KLP	330 000	338 000	
10905	Gruppeliv- og ulukkesforsikring	4 000	4 000	
10990	Arbeidsgjevaravgift	192 000	191 000	
11000	Kontormateriell	10 000	2 000	
11001	Kopieringsmaterieill	1 000	1 000	
11007	Faglitteratur		0	
11150	Matvarer	13 000	8 000	
11201	Utgifter, ikkje oppgåvepliktige (løn)			
11207	Velferdstiltak tilsette	10 000	4 000	
11301	Bankgebyr	2 000		
11303	Telefon	12 000	10 000	
11305	Porto og frankering	2 000	1 000	
11309	Motpost fordel Elkomm (10504)	-10 000	-10 000	
11500	Opplæring, kurs/seminar	90 000	60 000	
11600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg.pl.	80 000	50 000	
11700	Transport og drift av egne/leigde transportmiddel	20 000	15 000	
11705	Refusjon av utlegg til skyss/transport	10 000	5 000	
11855	Yrkesskedeforsikring	4 000	4 000	
11900	Leige av lokale og grunn	110 000	80 000	b
11950	Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	35 000	35 000	
11957	Lisensar			
11959	Kontingentar	21 000	21 000	
12000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar	6 000	3 000	
12001	Inventar og utstyr	19 000	5 000	
12400	Serviceavtaler, reparasjonar, vaktmeistertenester	10 000	10 000	
13500	Kjøp av tenester frå kommunar	65 000	65 000	
13700	Kjøp av tenester frå andre (private)	35 000	5 000	
14290	Meirverdiavgift som gjev rett til momskomp	40 000	40 000	
15001	Forseinkingsrente			
15200	Utlån (eigenkapitalinnskot KLP)	17 000	18 000	
15400	Avsetnader til disposisjonsfond	50 000	450 000	c
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-40 000	-40 000	
17500	Refusjon frå kommunar	0	-502 000	d
17700	Refusjon frå andre (private) m/opdg	0	-350 000	e
18500	Overføringar frå kommunar	-2 655 000	-2 059 000	f
19000	Renteinntekter	-3 000	-3 000	
19500	Bruk av disposisjonsfond	0	0	
100	Sekom	0	0	